



Harris Advokatfirma As
Marianne Aadland Sandvik
Postboks 41 15 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8219 - 23/77787

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
09.10.2023

Innvilga sakskostnader for vedtak om dispensasjon for oppføring av kai og flytebyggje - gbnr 123/45 Risa

Administrativt vedtak:	Saknr:
Tiltak:	Dispensasjon- Kai og flytebyggje
Byggjestad:	Gbnr: 123/45
Tiltakshavar:	Dag Unnar Mongstad
Ansvarleg søkjar:	Harris Advokatfirma As
Saksnummer:	22/8219

Vedtak

Saksomkostningskravet innvilgast med kr 16.500,- inklusiv meirverdiavgift, jf. forvaltningslova § 36 første ledd.

Saka gjeld

Vi viser til krav om dekning av saksomkostningar mottatt 19.07.2023 frå Harris Advokatfirma AS. Samla krav utgjør kr 16.500,- inklusiv meirverdiavgift.

Kravet gjeld dekning av kostnader i høve klage på administrativt datert 10.01.2023. Administrasjonen/areal, plan og miljø endra vedtaket i møte 07.06.2023 sak 22/8219 der klagen vart tatt til følgje.

Grunngjeving

Fvl § 36 første ledd lyder som følgjer:

Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, med mindre endringen skyldes partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltningens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det.

Søknaden om etablering av kai og flytebyggje ble avslått administrativt, og seinare snudd politisk med vilkår om at kaien og flytebyggja skulle reduserast.

Det leggst til grunn at endringa inneber ein endring til gunst for tiltakshavar.

Det er vidare eit vilkår at det kun er vesentlige kostnader som har vært nødvendig for å få endret kommunens vedtak som kan krevjast dekkja.

Kostnaden må være pådratt i innanfor den dekningsberettigene perioden som er frå det pålagde vedtaket vart fatta til vedtaket vart endra. Kostnadar utanfor denne perioden vil ikkje ha vore nødvendige for å få endret vedtaket. I denne saken er det frå 10.01.2023 til 07.06.2023. Kostnadane som vert krevd dekkja er innanfor den dekningsberettigene perioden.

Hovudregelen er at ein part skal få dekkja vesentlege og nødvendige kostnadar som knyt seg til endringa av vedtaket. Kravet om at kostnadane må vere vesentlige, er meint å skulle utelukke småutgifter og parten sitt eige arbeid med saka. Utgifter til advokat og utgifter til annen juridisk bistand vert omfatta av vesentlegkravet.

Når det gjelder vurderinga av kva for utgifter som har vore nødvendige, så vert det lagt vekt på saka si vanskelegheitsgrad, karakter og kompleksitet, jf. Ot.prp.nr. 3 (1976-77).

Sivilombudsmannen har i sak 2008/1603 og 2015/2936 uttalt at det må forutsettast at saka er tilstrekkeleg opplyst av klageinstansen slik at klager ikkje må gjenta same arbeid. I kva slags grad det er nødvendig for klagar å fremskaffe supplerande opplysningar varierer sterkt frå sak til sak. Avgjerda vert konkret. Det skal leggst vesentlig vekt på kva klager sjølv med rimelegheit har oppfatta som naturleg og nødvendig. Det er likevel ikkje slik at klager aleine kan avgjere kva som kan krevjast dekkja. Det er bare utgifter til tiltak som parten med rimelegheit kunne anse som formålstenleg som vert dekkja.

Medarbeider	Posteringsdato	Daglig beskrivelse	Fakt. antall	Fakturanr.	Fakt. SP
Cathrine Tvedt Lorentzen	16.01.2023	amk	0,25	425886	550,00
Marianne Aadland Sandvik	12.01.2023	Gg avslag + avklaring med DU	0,75	425886	1 650,00
Marianne Aadland Sandvik	13.01.2023	Påbegynt klage	3,00	425886	6 600,00
Marianne Aadland Sandvik	16.01.2023	Supplere klage	0,75	425886	1 650,00
Marianne Aadland Sandvik	17.01.2023	Supplere klage	0,50	425886	1 100,00
Marianne Aadland Sandvik	18.01.2023	Oversendelse kommunen	0,25	425886	550,00
			5,50		12 100,00

Marianne Aadland Sandvik:

02.06.2023	Arbeid mot klagebehandling	0,25	2 200,00	550,00
06.06.2023	Avklaring ifbm klagebehandling	0,25	2 200,00	550,00
	Totalt Marianne Aadland Sandvik i alt	0,50		1 100,00
	Timer i alt	0,50		1 100,00

Ut i frå heilskapeleg vurdering av saka si vanskelegheitsgrad, karakter og kompleksitet, vurderer Alver kommune at det arbeid som har vært nødvendig for å få endra vedtaket er 6 timer, jf. fvl. §36. Dette er utgifter som parten med rimelegheit kunne anse som formålstenleg som vert dekkja og det er forståeleg at utgiftene vart pådratt.

Konklusjon

Saksomkostningskravet innvilgast med kr 16.500,-, inklusiv meirverdiavgift. Beløpet vil bli overført til kontonummer 9521.16.42638 innan rimeleg tid.

Utbetaling saksomkostningar

Vi ser at mottakar ikkje har frådragsrett for mva. Beløpet utbetalast difor med mva.

Aktuelt regelverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunnjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlege kostnader til advokat eller utgifter til annan juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande

Josep Gayrbekov

Avdelingsleiar

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Dag Unnar Mongstad

Storhaugen 49

5955

LINDÅS

Mottakarar:

Harris Advokatfirma As

Postboks 4115 Sandviken

5835

BERGEN